Utdanningsforbundet

Aktuell politisk økt VGO-kurs 30.01.25

- Inkluderande russefeiring og flytting av eksamen
- Framfor vårens lønsforhandlingar — Svar på KS debatthefte

Sabine Exner

https://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-vestlandsrevyen/sesong/202501/episode/DKHO98012325

Onsdag, 23.1. vedtok hovudutvalet for opplæring og kompetanse dette om russefeiringa:

1. Nasjonale målsettingar og strategiar vert lagt til grunn for det vidare arbeidet for ei trygg og inkluderande russefeiring for alle.

2. Frå 2026, vert feiringa starta etter siste eksamen og det vert tilrettelagt for at avgangselevane har ei felles feiring og ein stad å vere. På sikt er målsetnaden at avgangsmarkeringa startar **når vidaregåande skule er ferdig, medio juni.**

3. Med mål om å få ei trygg og inkluderande **russefeiring i 2025** løyver hovudutval for opplæring og kompetanse **inntil 2 mill. kr**, slik at lokale aktørar kan søkje om tilskott til arrangement for russen. Det kan også vere aktuelt å gje tilskott til transport til og frå lokale arrangement. Løyvinga vert finansiert med midlar frå fellesfond i sektoren.

Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet Vestland meiner

Ja, til flytting av russefeiringa, nei til flytting av eksamen til før 17. mai

Vi er ikkje i mot at VLFK finansierer inkluderande tiltak, men meiner at dagens praksis med å støtte fleire russefeiringar ikkje er formålstenleg

Russen må vere med på å avtale vidare framgangsmåte

Utdanningsforbundet

Tips oss

Bergens Tidende

Flytter russens eksamen: – De prøver å dempe russetiden

Fylket tar grep om russetiden. De første endringene kommer i år. – Jeg synes det er veldig kjipt.

PUBLISERT: FOR MINDRE ENN 2 TIMER SIDEN

Utdanningsforbundet

KS stiller 7 spørsmål i debattheftet sitt til kommunar og fylkeskommunar framfor mellomoppgjeret 2025

Torsdag, 23. januar, vedtok fylkesutvalet dette svaret, som blir sendt frå Vestland fylkeskommunen

Utdanningsforbundet

Dei første spørsmåla i KS debattheftet handlar mykje korleis lokal politikarane kan hjelpe å minske «forventningsgapet».

KS si verkelegheitsbeskriving

Dårleg kommuneøkonomi er utgangspunktet for at de politikarar no skal bidra til å «redusere og handtere forventningsgapet» blant innbyggarane i Vestland.

Spørsmål 5:

Kva innspel har din kommune/fylkeskommune til KS i forkant av mellomoppgjeret 2025?

Svar VLFK:

- Mangel på årlege lokale pottar i kapittel 4 har i lang tid gjort det krevjande å etterleve lokal lønspolitikk. For å bøte på dette ønskjer fylkeskommunen **ein solid lokal pott** til kapittel 4 i 2025, som kan bidra til å rette opp i desse utfordringane.

- Vestland fylkeskommune står overfor store utfordringar med å rekruttere kompetanse til stillingar innan helse, veg, bygg og IKT.

Spørsmål 6:

Dagens garantilønssystem gir stillingsgrupper med same kompetansekrav lik sentral garantilønn, uavhengig av tenesteområde. Ivaretek dette garantilønssystemet kommunen/fylkeskommunen sine behov, og er det eit ønske om at det videreførast?

Svar VLFK:

- Fylkeskommunen er usikker på om dagens garantilønssystem er framtidsretta nok til å møte den aukande spesialiseringa i yrker på alle utdanningsnivå. Fylkeskommunen ønskjer at KS går i dialog med partane sentralt for å sikre at vi har eit avtaleverk som er førebudd på framtida.

Spørsmål 7:

Kva bør KS prioritere i utviklinga av avtaleverket for å møte framtidas arbeidskraftutfordringar og sikre forsvarlege tenester?

Svar VLFK:

Arbeidstidsavtalen SFS2213 tar ikkje tilstrekkeleg høgde for nye undervisningsformer, elevaktiv undervisning og vurderingsformer. Vidare er det utfordrande at ulike arbeidsgrupper har **ulikt arbeidsår**, noko som hemmar tenesteutvikling som leksehjelp, sommarskule og modulstrukturert opplæring. Det er difor nødvendig med ein ny avtale som **sikrar auka nærvær, meir fleksibilitet** og betre tilpassing til oppgåver og behov.

Utdanningsforbundet

Vi hadde nesten ikkje venta oss noko betre frå administrasjonen, men blei veldig rysta over å bli kasta under bussen av politikarane. Kvifor skjedde det?

KS-og-Håvard Moe-vinden bles oss midt i fleisen!

Foto: KS

Håvard Moe

Seniorrådgiver i KS Konsulent

Planlegger vi langt nok? – om demografiens betydning for kommuneøkonomien og den sikre vei inn i ROBEK